

Ordføraren sitt hjørna – juni 2018



Framlegg til Kommuneplan for Hemsedal 2018-2030 vart i kommunestyret no den 12. juni lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Det er ei revidering av arealdelen som er gjort denne gongen. Planframlegget blir liggjande ute til over sommaren. Det er fleire statlege og andre offentlege organ som er høyringsinstansar, men alle (du og eg) har høve til å koma med innspel til planframlegget. Det vert og lagt opp til eit folkemøte på planen ca midt i august. Planframlegget med vedlegg vert om litt lagt ut på heimesida til kommunen.

Det er Hemsedal, utanom der det er gjeldande reguleringsplaner eller kommunedelplaner, som er inne i denne revideringa. Det vil seia at sentrumsområda, reiselivsområda kring skisenteret og Markegardslia og Lykkja ikkje er med. Det er òg framlegg om at det skal lagas ei eiga kommunedelplan for Tuv og Røggelia.

Det er lagt vekt på å finne gode områder for framtidige bustader for fastbuande og høvelege områder for hyttebygging. Det er lagt opp til bustadfelt i tilknytning til dei 3 bygdesentra, og det er lagt opp til spreidd bustadbygging ute i grendene. Her er det ingen endringar frå tidlegare plan, unnateke Thorset som er lagt inn att med moglegheit for inntil 6 bustader. Det er eit potensial for mellom 300 og 400 nye bustader som det er sikra areal for. Det synes å vera nok for perioden fram til 2030 og kanskje heilt fram mot 2040. Folketalutviklinga framover blir spennande på mange måtar, og tilstrekkeleg med tomter er viktig for å sikre busetting.

Areal for konsentrert reiselivsutvikling er ivaretatt og blir ivaretatt gjennom vedtekne og framtidige reguleringsplaner i dei sentrale områda mellom Trøym og Røggelia. I kommuneplanframlegget er det lagt inn større og mindre områder for til saman ca 500 nye hyttetomter, frå Storeskar/Ershovd i vest til grensa mot Gol i aust. Under innspelfasen i oktober 2016 kom det inn 40 innspel for fritidstomter. Administrasjonen gjorde så ei konsekvensvurdering for å sjå på verknad for landbruk, naturmangfald, landskap og terreng, kulturmiljø og friluftsliv. Med utgangspunkt i den vurderinga var kommuneplannemnda på synfaring for å bli godt kjent med innspela og sjå på moglege områder som er egnelege for hyttebygging. Det har vore mange møter med prosessvedtak og mange vurderingar undervegs fram mot det som no er lagt ut på høyring. Hyttehemsedølen er viktig for næringslivet i bygda, frå byggeperioden og til etter kvart størst mogleg bruk av hytta. Hytteeigaren er ikkje ei einsarta gruppe. Derfor er det i kommuneplanen lagt opp til stor variasjon på kvar det blir mogleg å bygge nye hytter. Me ynskjer å ha tilbod til alle.

Næringsareal er avsett på eit område som heiter Brendehaugane litt aust for Ulsåk langs Rv 52. Til regulert næringsareal på Svøo ynskjer kommunen å få godkjent vegtilkomst rett opp frå Rv 52. Dette for å blande næringstrafikken og trafikken til bustadområda minst mogleg. Det er sjølvsagt mogleg å etablere næring på andre plassar enn det som ligg i kommuneplanen. Det må i så fall til ei reguleringsplan. Kommuneplanen er ei overordna plan som gjer at reguleringsprosess vidare er lettare, men den er ikkje avgrensande for gode prosjekt og idear som måtte dukke opp etter kvart.

Ny riksvegkorridor gjennom bygda er eit tema i mange samanhengar, anten det er i diskusjon om hovudveg aust – vest, eller arealdisponeringar i kommunen. Den korridoren som er avsett i kommuneplanen er ikkje optimal. Den deler framtidige bustadfelt (BU 6 og BU 5) langs Thorsetvegen, og vil gje støyproblem i store deler av bygda. I tillegg går den for nær grunnvasskjelda vår ved Krikken. Kommunen og Statens Vegvesen er i dialog om kvar ny Rv 52 skal gå. Eit alternativ kan vera på sørsida av Dyrja og Thorsetsida. Kvar den skal ta av frå noverande riksveg er og ein del av dette. Me vonar på avklaring så snart som mogleg.

God sommar vidare!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar